

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 63/2007

Møtedato: 8.10.07

Arkiv nr:

## **Stølsvegen Hovda-Syndin – søknad om massetak ved Hulja**

Stølsvegen Hovda-Syndin søker om å få fortsette drift av grustaket ved Hulja grunna avgrensa ressursar andre stader. Kontrakten for dette grustaket gjekk ut den 1.03.04 i samsvar med kommunen si godkjenning. Stølsvegen søker om fornying av kontrakten for fem år og med uttak av minimum 2000 m<sup>3</sup>.

### **Vedtak:**

Fjellstyret meiner at det må søkjast om ei konkret mengde uttak, ikkje minimum slik det er skissert i søknaden. Uttaket må også visast ved ei kartskisse. Når stølsvegen har lagt fram ny søknad med oversikt over kor mykje masse ein ynskjer å ta ut og dette er vist på ei kartskisse, vil fjellstyret leggja søknaden ut til offentleg ettersyn.

Embrik Før sa seg inhabil og deltok ikkje i behandling av saka.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.10.07

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog  
Stølsvegen Hovda-Syndin  
Vestre Slidre kommune